

## Saksframlegg

Arkivreferanse: 2019/26301- 1  
Saksbehandler: Kate Clarke, Hordaland  
Avdeling: Fylkesrådmannen

## Rapportar om internasjonalt arbeid Vestlandsrådet deltek i

### Sakens gang

Saksnummer	Møtedato	Utvalg
		Vestlandsrådet

## Fylkesrådmannens innstilling

Rapporten frå internasjonalt arbeid vert teke til orientering.

Inge Smith Dokken  
fylkesrådmann

Arne Hope  
sekretariatsleiar

## Europapolitisk Forum

Europapolitisk Forum, der Vestlandsrådet er representert med fylkesordfører Jon Aasen frå Møre og Romsdal, hadde møte på Hamar 13.-14. mai. Forutan Jon Aasen deltok var også Geir Sør-Reime (Rogaland) og Birgit Aarønæs (Møre og Romsdal) frå fylkesadministrasjonane med på møtet.

Hovudtema denne gong var ungdomsmedverknad, og det var invitert medlemar av ungdommens fylkesting/ungdomsråd frå alle landsdelane til møtet. Saman med forumet sine faste folkevalde medlemar, diskuterte dei demokratiet sine utfordringar i Europa med overskrifta 'Demokrati og framtidens Europa – kva slag Europa vil ungdommen ha?'.

Tilbakemeldingane frå gruppediskusjonane var at mangel på kunnskap om, og informasjon frå dei politiske prosessane i Europa hindrar ungdomsengasjement i europeiske spørsmål, ein får ikkje tak på dei til dels kompliserte prosessane og mengda av direktiv og regelverk. Mange stader er det frustrasjon over låg økonomisk vekst, demokrati i krise, der EU får skulda for det meste.

Det blei også peika på at demokratiet er under press i Noreg, og at det omfattande misbruket av sosiale medium skremmer mange frå å engasjera seg i samfunnsspørsmål. Klimakrisa og migrasjon har også skapa press på dei stabile politiske systema vi er vane med, og menneskerettane er under press i heile verda frå ekstreme krefter.

Saker som gruppene såg som sentrale for ungdom å engasjera seg i var større og veksande forskjellar i samfunnet, problem for ungdom å få arbeid og å etablere seg, utfordringar med psykisk helse, klimaspørsmål, EU som klima-pådrivar, energi og berekraftig utvikling, utdanning og arbeidsmarknaden, robotiseringa, mangelen på helsearbeidarar og vilkåra for kvinner i U-land.

I tillegg fekk forumet orientering om arbeidet med norsk deltaking i EU-program etter 2020 som det internasjonale fylkesnettverket gjennomfører, og som regjeringa skal konkludera våren 2020.

Forumet starta så vidt også diskusjonen om korleis forumet skal vera samansett og fungera frå 2020. Stortinget har allereie slutta seg til at alle dei nye fylkeskommunane skal vera direkte representert i forumet.

## Siste nytt om Interreg Nordsjøprogrammet

Nordsjøprogrammet er eit av tre transnasjonale Interreg-program kor Noreg kan delta. Programmet dekkjer 49 regionar i sju land med cirka 60 millionar innbyggjarar. Heile Noreg er innafor programområdet og både private og offentlege aktørar kan søkje prosjektmidlar til å samarbeide med partnerar frå Nordsjøland med 50% stønad til aktivitetane. Programmet har nå 60 godkjente prosjekt med tildelt midlar innafor tema: innovasjon og kapasitetsbygging; øko-innovasjon; klima- og natur; berekraftig transport.

Sidan førre rapportering til VR i januar, har det vore to utlysingar i programmet. Styringskomiteen (SC) kjem til å tildele og allokere midlar til desse på neste SC møte i juni. Det er nå ca. € 35,5 millionar igjen til partnerar frå medlemsstatane og ca. € 1,3 millionar igjen til norske partnerar.

9. utlysing med frist i mars var open for fase 2 søknad, og det kom inn 10 søknad. 6 av desse prosjekt har norske partnerar og dei søker € 1 161 715. Frå Vestlandet er det to partnerar frå Rogaland i prosjektet COM<sup>3</sup> Building COMpetences for COMpetitive COMpanies – Universitetet i Stavanger (Business School) og Cluster for Industrial Asset Management som

også er tilknytt Universitetet i Stavanger. Prosjektet handlar om næringsutvikling blant konkurranseutsette eller truga næringar i lokalsamfunn og skal drive med coaching for offentlig sektor slik at dei kan betre rettleie det lokale næringslivet.

10. utlysing med frist i april var open for fase 1 søknad. Det kom inn 18 søknad og åtte av desse har norske partnerar. Desse norske partnerar søkjar til saman € 1 897 500. Tre av desse prosjekt har partnerar frå Vestlandet. Stavanger kommune søkjer saman med Norsk hotellhøgskule i eit prosjekt om digital tenesteproduksjon, Rogaland fylkeskommune deltek i ein søknad om sirkulær økonomi, og Universitetet i Bergen søkjer saman med Maritime Cleantech i ein søknad om null-utslepps skipsfart for godstransport.

Diverre er det sannsynleg at det finst lite eller ingen midlar igjen til at desse kan gå vidare til fase 2 for å vidareutvikle prosjekt og søknad etter tildeling under 9. runde. Dette vil vi vite meir om etter tildelinga under den 9. utlysinga.

### Aktuelle saker for Vestlandet

Diskusjonen om kva for EU-program Noreg ønskjer å delta i etter 2020 forgår i fleire miljø inkludert Europapolitisk forum og Internasjonalt fylkesnettverk. Interreg er også under diskusjon som eit av fleire programområde Norge må ta stilling til. UD har ansvar for å koordinere dette arbeidet og fagdepartementa har ansvar for å leggje fram saksdokumentasjon. KMD har ansvar for Interreg og har gjennomført tre tiltak for å danne eit kunnskapsgrunnlag om erfaringar frå tidlegare deltaking.

1. Alle fylkeskommunane fekk invitasjon frå KMD i fjør haust om å svare på ei spørjeundersøking om erfaringar og nytte av deltaking i Interreg. Svara frå fylkeskommunane viser at
  - deltaking i Interreg er strategisk og godt forankra i regionale planar
  - ein aktiv europapolitikk er ein føresetnad for god distriktpolitikk og eit viktig element i samfunnsutviklarrolla til fylkeskommunane
  - Interreg er viktig for å føre ein aktiv Europa politikk og bidra til norsk innverknad på avgjerd som påverkar Norges interesser
  - Interreg bidra positivt til regional samordning gjennom utvikling av europeiske og regionale partnerskap
  - Interreg bidrar til å identifisere grensehindringar og er pådrivar for å finne grenseoverskridande løysingar
  - Det utanrikspolitiske omsyn til nordområdepolitikken bør vektleggast
2. Konsulentselskapet COWI har gjennomført ei evaluering av norsk deltaking i tidlegare Interregprogram 2007-2014 etter ei bestilling frå KMD. Evalueringa har vurdert relevans, ytre effektivitet, berekraft og nytte av program og prosjekt. Evalueringa har synleggjort enkelte utfordringar knytt til programdeltaking. Desse er allereie utløyst endringar i inneverande programperiode. Eit eksempel er sterkare krav til mål- og resultatstyring. Samstundes er det fleire utfordringar som treng større merksemd i komande programperiodar. Eit eksempel er behovet for å involvere meir relevante partnerar. For eksempel bør mynde som har sektoransvar for iverksetting av ulike løysingar involverast meir i prosjekta. Rapporten konkluderer og med at er vanskeleg å dokumentere effekten over tid.

3. KMD inviterte over 100 deltakarar frå fylka i heile landa til ein konferanse i Oslo 26. april 2019 for å diskutere kva fylka og andre prosjektaktørar har fått ut av deltakinga i Interreg. Statssekretær Paul Chaffey ønskte velkomen og snakka varmt om Interreg, han brukte og høve til orientere om regjeringa si digitaliseringsstrategi. Jens Kurnol frå det føderale tyske Interreg-samarbeidet (BBSR) fortalte at Interreg bidreg til å bringe «Europa» nærare innbyggjarane og at det bidreg til å bygge ein felles europeisk identitet. Interreg handlar om samarbeid mellom menneske. Bo-Josef Eriksson frå Region Värmland snakka om kvifor Oslo er ein naturleg Interreg-samarbeidspartner for dei. Svensk-norsk samarbeid stoppar ikkje ved landegrensa. Det var og fleire spennande innlegg i paneldebatt med fylkespolitikare og prosjektutviklarar frå heile landet. KS-leiar, Gunn Marit Helgesen, ein ivrig Interreg-støttespelar, rådde regjeringa på det sterkaste frå å skrote det norske Interreg-samarbeidet. Ho sa:

«Vi må definere Interreg i et større samfunnsmessig perspektiv. Med Interreg er vi både med på å løse felles europeiske samfunnsutfordringer, og samtidig bidrar alle prosjektene til lokal verdiskapning. Dette spennet er genialt! Vi hører her om universiteter, bedrifter og kommuner som gjennomfører gode prosjekter de ellers ikke hadde hatt mulighet til uten Interreg. Det vil være tragisk om all kompetansen i Interreg skylles ut med badevannet»

Interregsamfunnet ventar no på regjeringa si avgjerd om Noreg og skal delta i Interreg i den nye programperioden 2021-2027. Vi vil vite meir hausten 2019 eller tidleg vår 2020.

### **Nordsjøkommisjonens styre (Executive Committee)**

Nordsjøkommisjonens styre hadde møte i Southend-on-Sea i England 5.april. Noreg var representert i styret ved Åshild Vangsnes, varaordførar i Sogn og Fjordane. Hovudsak på møtet var diskusjon om kva som skal vera hovudprioriteringane i Nordsjøstrategien 2021-27. Det låg føre eit utkast frå den administrative arbeidsgruppa som arbeider med dette. Diskusjonen i styret gjekk i ulike retningar, men arbeidsgruppa fekk i oppdrag å arbeida vidare med saka, og eit revidert framlegg blir lagt fram for generalforsamlinga i Nordsjøkommisjonen 25.juni.

Framlegget har 4 hovedprioriteringar:

1. A healthy sea
2. A climate-neutral region
3. A connected region
4. A smart region

### **Nordsjøkommisjonens ungdomskonferanse**

Nordsjøkommisjonen arrangerte ein konferanse for medlemmar av ungdomsråd/fylkesting i Sandnes 21.-22.mars. Rundt 40 ungdommar frå 5 land deltok i konferansen, som både diskuterte korleis ungdomsmedverknad kan organiserast i Nordsjøkommisjonen, og prioriteringane i den nye Nordsjøstrategien.

Nokre av deltakarane på konferansen er også invitert til å delta på Nordsjøkommisjonens generalforsamling i Marstrand i juni. Styret i Nordsjøkommisjonen har bede om ei utgreiing om korleis ungdomsmedverknad kan gjennomførast og dette blir ei sak på generalforsamlinga i juni.

## **Brexit**

Nordsjøkommisjonen har sett ned ei arbeidsgruppe for Brexit. Den store forvirringa rundt kva det britiske parlamentet egentleg vil, har gjort at det ikkje har vore aktuelt å ha noko møte i arbeidsgruppa våren 2019. Rogalands fylkesvaraordfører Marianne Chesak representerer Vestlandsrådet i arbeidsgruppa.

## **CPMR styremøte (Political Bureau)**

Rogalands fylkesvaraordfører Marianne Chesak er fast møtande var til styret i CPMR (organisasjonen for europeiske kystregionar). Styret hadde møte i franske Brest 7.mars.

Møtet var fyrst og fremst drøfting av CPMR sin strategi for påverknad av det nye Europaparlamentet og den nye EU-kommisjonen etter vala til parlamentet 23.-26. mai. Det er sendt ut detaljert norskspråkleg rapport frå møtet til alle norske medlemsfylke.

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent.*